

STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS

MØTEUTSKRIFT STYRET

Møtedato: 8. oktober 2018
Kl: 13:00
Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom
Desse møtte: Lovisa Midtbø (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Olav Steinar Namtvedt, Vilgerd Storset Husa, Reidar Hjertås 1.vara Jorund Stellberg (Nhr AS)
Møteleiar: Lovisa Midtbø
Forfall: Margrethe Riple Ådland
I tillegg møtte: Sigrun Tjore, Tonje Husum Aarland (tilsette sin representant)

SAKSLISTE:

Sak 19/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

Samrøystes vedtak:

Det var ingen merknad til møteinnkalling og sakliste

Sak 20/18 Godkjenning av møteutskrift av 10.09.18.

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift 10.09.18 vart godkjent

Sak 21/18 Meldingar og orientering.

- Orientering om drift og aktuelle saker
- Rekneskap pr 31.08.18
- Kommunereform
- Presentasjon av tilsette i revisjonen
- GDPR (General Data Protection Regulation)

Samrøystes vedtak:

Styret tek meldingar til etterretning.

Sak 22/18 Tilsetting av ny dagleg leiar

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik sa opp stillinga si i Nordhordland Revisjon IKS i juni og skulle gå over i ny stilling 01.10.2018. Selskapet starta straks arbeidet med å få tilsett ny revisjonssjef.

Rekrutteringsprosessen har vore gjennomført slik:

Intern arbeidsgruppe for tilsettingsprosessen har vore :
Revisjonssjef Reidar Bjørsvik, Styreleiar Nordhordland revisjon AS Jorund
Stellberg og styreleiar Nordhordland Revisjon IKS Lovisa Midtbø.

Etter å ha henta inn tilbod frå tre selskap valde vi Visindi som fagleg rådgjevar
i prosessen.

Etter utlysing og kartlegging av moglege kandidatar har arbeidsgruppa blitt
presentert for tre kandidatar med gode kvalifikasjonar og intervjuet to av dei.
Visindi har gjennomført testar og referanseinnhenting.

Etter ei samla vurdering av faglege og personlege eigenskapar valde vi å gå inn
i drøftingar med Janne Eraker og gav henne tilbod om stillinga. Ho har no
takka ja til tilbodet, og kan ta til i stillinga 01.01.2019.

Janne Eraker har høg kompetanse med Master i økonomisk styring og Master i
rekneskap og revisjon frå NHH. Ho er statsautorisert revisor. Dei siste tre åra
har ho hatt stilling som Financial Controller hjå Bergen Engines (Rolls Royce)
og før dette var ho tilsett i EY.


Samrøystes vedtak:

**Styret godkjenner tilsettinga av Janne Eraker som revisjonssjef i
Nordhordland IKS.**

Sak 23/18 Eventuelt


Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 03.12.2018.

Knarvik, 08.10.2018


Lovisa Midtbø
Styreleiar


Magne Rifsgård
Nestleiar


Vilgerd Storset Husa


Reidar Hjertås


Olav Steinar Namtvedt


Sigrun Tjore

Kopi: Ordfører/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor